

Kommentarar til vegnamn i Nordbygda i Levanger

I Språkrådets stadnamnteneste står det:

”Som hovudregel skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, det vil seie den uttalen av namnet som er overlevert frå tidlegare generasjonar, og som framleis er i bruk på staden.”

Kommunens forslag	Kommentar	Nytt forslag
103. Mulelia	Dette er ein skrivemåte som har kome inn dei siste 10-15 åra via aviser, Nrk og andre utan lokalkjennskap. e-en i slutten av Mule skal bort i samansetting med t.d. –lia, vegen etc.L, og lokal uttale har alltid vore Mullia	Mullia
93. Mulevegen	e-en bort: Mulvegen, eller like godt berre Mula, i og med at alle eigedomar det gjeld er utskilt frå gården Mula.	Mulvegen eller Mula
85. Gamle Kongeveg Nord	Gamle kongeveg går frå Brusve til Rinnleiret, via Børsgrenda. Nummereringa skal vel gå heile vegen, så det er kunstig å henge på ”Nord”. I alle tilfelle skal berre første del av eit fleirledda namn ha stor bokstav, altså Gamle kongeveg .	Gamle kongeveg
92.Hojemsvegen/ Haugskottvegen	Støtter tidlegare forslag om Haugskottvegen fram til vegkrysset ved Haugskott, så Hojemsvegen mot krysset i Kleivan, og Salthammervegen mot Rinnan.	

Annbjørge Grevskott